

Rapport om opplæring innanfor kriminalomsorga 2008

Fleire tilbod om yrkesopplæring innanfor opplæring i kriminalomsorga.

Dette kjem fram i den nasjonale rapporten om opplæringa innanfor kriminalomsorga i 2008 som no ligg føre. Rapporten inneheld oppsummeringar av tilbakemeldingane frå skulane på ulike sider ved opplæringa og eit oversyn over ein del av aktivitetane til Fylkesmannen i Hordaland.

Vi ser at det innanfor vidaregåande skule også i 2008 er ei dreining frå teori mot meir yrkesretta opplæring. Eit viktig tilskot til denne endringa er realkompetanseprosjektet som er eit prosjekt som Vox leiar på oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland. Prosjektet skal medverke til å auka bruken av realkompetansevurderingar innan opplæring i kriminalomsorga og til eit meir heilskapleg og tilrettelagt opplæringsløp.

Det har i lang tid blitt arbeidd for at også innsette skulle sikrast retten til digital kompetanse på lik line med andre elevar. I 2008 tok ein eit langt steg vidare på denne vegen ved at kriminalomsorga i samarbeid med skulestyresmaktene fekk utarbeidd ei teknisk løysing som gir elevane ein kontrollert tilgang til internett - IFI - (internett for innsette) og at det vart vedteke ein utrullingsplan som sikrar at alle skulane/fengsla får ta i bruk denne løysinga i 2009 og 2010.

Det er no etablert opplæring ved 51 anstaltar. Det er opplæring ved alle anstaltar som skal ha skule og det er til saman nesten 1400 elevplassar innanfor kriminalomsorga. Rapporten viser at det framleis er slik at mange skular ikkje har gode nok undervisningslokale og at det er grunn til å bekymra seg over ressursutnyttinga i opplæringa når kriminalomsorga ikkje stiller eigna lokale til disposisjon.

Fylkesmannen i Hordaland har i 2008 administrert eit prosjekt i regi av nordisk nettverk for fengselsundervisning. Prosjektet, som var ei kartlegging av utdanningsbakgrunn, rett til opplæring, lærevanskar og motivasjon for utdanning hos innsette i nordiske fengsel, var finansiert av Nordisk Ministerråd. Kartlegginga viser mellom anna mangelfull utdanning blant innsette generelt og spesielt blant dei yngste innsette. Kartlegginga viser og at utdanningstilbodet innan kriminalomsorga er for lite tilpassa dei som sonar og at det er behov for fleire yrkesretta tilbod.

Rapporten kan kjøpast hos Fylkesmannen i Hordaland – pris 150 kr.

Heile rapporten kan du lese ved å gå inn her:

<http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=20345&amid=2839006>

Kontaktpersonar

Torfinn Langelid, Tlf. +47 5557 2366

Sissel Mehammer, Tlf. +47 5557 2365